

Sola kyrkje i Rogaland

Ei stormannskyrkje med dobbelkor?

Av Alf Tore Hommedal

1. Innleiing

Dei seinare åras kyrkjarkeologiske undersøkingar i Noreg har mellom anna ført til ei differensiering av omgrepet »soknekyrkje«. Det er blitt klart at enkelte av kyrkjene også har hatt andre funksjonar, som avspeglar seg i utforminga av bygningen. Blant desse er ein type stormannskyrkjer med slektskap til dei såkalla »dobbeltkyrkjene« eller »dobbeltkapella« ute i Europa. I tillegg til å ha fungert som kyrkjer for eit oppland har desse kyrkjene også vore privatkyrkjer, i det kyrkjeherren har hatt eit eige kapell i ein andre etasje over koret (Lidén 1981:44 og 1983:106f). I denne norske varianten har berre koret, ikkje skipet, vore i to etasjar, og den kunne difor kanskje omtalast som »kyrkjer med dobbelkor«.

Til kyrkjetypen er også Sola kyrkje i Rogaland blitt rekna (fig. 1). Kyrkja, som i dag ligg i ruin, er for tida under restaurering (fig. 2). Vi skal i det fylgjande sjå litt nærmare på Sola-kyrkja, og på teorien for denne kyrkjas vedkomande. Vi skal også gå litt inn på date-ringa av kyrkja.

2. Mellomalderkyrkje blir privatbustad

Sola-kyrkja var i bruk til 1842. I løpet av dei siste 140 åra har så bygningen hatt ein svært omvekslande historie. Ved nedlegginga vart taket rive av (fig. 3), og murane stod overlatt til seg sjølve i bortimot 40 år, til




Fig. 1. Kart, der dei viktigaste kyrkjene omtala i teksten er avmerka. Legg merke til kor nær ein annan kyrkjene på Sola og Sørbo ligg.



Fig. 2. Sola kyrkjeruin i dag, sett frå sør-aust. Både korbogen og åpningen mellom skipet og den forsvunne tårnfooten er gjenreist. Sørsmuren i koret er heilt vekke. Over murane er det lagt ei provisorisk treoverdekking. Foto: Finn M. Fuglestad, 1985.

kunstmalaren Johan Bennetter kjøpte ruinen (I. ruinperiode). I 1880 bygde han den om til privatbustad og atelier (fig. 4). I perioden 1907-1940 stod bygningen så på nytt som ruin (II. ruinperiode). Etter krigsutbrotet i 1940 forlangte dei tyske okkupasjonsstyresmaktene at ruinen skulle rivast, då den låg like ved flyplassen på Sola – Stavanger lufthavn – og etter tyskarane si meining var til hinder for flytrafikken. Ruinen kunne dessutan nyttast som landemerke ved eit eventuelt alliert flyangrep. I oktober dette året vart murane rivne ned til ca. 1,5 m høgd over sokkelnivå. Like til denne tida hadde dei tre gavlveggene i kyrkja stått så og seia i full høgd, medan langveggene for ein stor del var blitt ombygde på 1800-talet.

Fram til vi i 1982 byrja restaureringsarbeidet i kyrkjeruinen, har den blitt liggande som ein einaste stor, overgrodd steinhaug. Restaureringsarbeidet gjekk i



Fig. 3. Ruinen av Sola-kyrkja sett frå nord-vest i 1852, ti år etter nedlegginga av kyrkja. Bortsett frå taket står kyrkja så og seia intakt. Vi ser den attmurte åpningen mellom skipet og den forsvunne tårnfooten, og den rektangulære åpningen i vestgavlen i skipet. Vi ser også litt av døråpningen i øvre del av korskiljemuren, over korbogen. Teikning: Bernhard Hansson. I Riksantikvarens arkiv.



Fig. 4. Kyrkja i Johan Bennetter si tid, sett frå sør-vest. Ved ombygginga til privatbustad reiv Bennetter ned mykje av nordmuren i skipet, og sette inn eit stort ateliervindauga her. I løpet av I. ruinperiode hadde også sørsmuren både i koret og skipet falle ned, og blei gjenoppført henholdsvis i tre og stein. Bennetter fora dessutan på gavlane, slik at takvinkelen på bygningen vart flatare. I framgrunnen, langs den gjenoppførte sørsmuren i skipet, står »drivhuset« Bennetter bygde opp. Foto: Riksantikvarens arkiv.

fyrste omgang ut på å få rydda opp i ruinen, med ei registrering av opphavlege og ombygde parti i dei bevarte murane. Før nedrivninga i 1940 vart ruinen undersøkt av arkitekt Gerhard Fischer og bygningskonsulent Cato Enger. Dei fleste muropningane vart då oppmålte, og innfatningssteinane merka med tanke på ei seinare gjenreising. Innfatningssteinane vart for det meste lagra i rivingsmassen inne i ruinen. Under det noverande feltarbeidet vart desse steinane registrerte, for å få klargjort om det var grunnlag for ei delvis rekonstruering. Etter at dette vart klart, er både korbogen og opninga mellom skipet og tårnfoten bygde opp att (fig. 2 og 6). Kor langt gjenoppbyggingsarbeidet skal først er enno ikkje endeleg avgjort.

3. Utforminga av kyrkja

Sola-kyrkja (fig. 8) har hatt eit rektangulært skip (5,80 × 9,60 m), med eit mindre, rektangulært og rettavslutta kor i aust (3,80 × 4,50 m, alt med indre mål). I vest har kyrkja hatt tårn. Både tårn og tårnfot er no heilt vekke. Kyrkja har vore forholdsvis høg og smal. Gavlane i skipet har gått opp i ca. 11,30 m høgd, korgavlen i ca. 10 m høgd. Kyrkja er bygd av skifrig gråstein, delvis med innfatningar i kleberstein. Muropningane har vore rundboga. Korbogen (fig. 5) har vore høg og smal (4 × 1,80 m), og den tilsvarende opninga mellom skipet og tårnfoten i vest enno litt større (4,55 × 2,45 m).

4. »Dobbelkor«-teorien

I vår samanheng er det to andre opningar som er av særleg interesse. Over korbogen har det stått ein dør-opning, og øvst i korgavlen eit sirkelrundt vindauga (fig. 5). Det er på bakgrunn av desse bygningstrekkha Hans-Emil Lidén (1981:44 og 1983:107) har sett fram teorien om at Sola-kyrkja hadde eit eige kapell i ein

andre etasje over koret. Lidén legg også vekt på plasseringa av kyrkja. Kyrkja låg truleg på eller like ved tunet til Sola-garden. Denne garden var tidleg på 1000-talet sete for stor-høvdingen Erling Skjalgsson, og vart etter hans opprør og fall mot kong Olav Haraldsson sannsynlegvis trekt inn under krona. Skjalgsson-ætta vart sitjande på Sola også etter dette, truleg som kongens lendmenn, med Sola-garden i forlening (Helle 1975:77f). Garden var krongods ved utgangen av mellomalderen (Helle 1975:57), men sjølv kyrkja må alt tidleg ha gått ut av krona si eige. Fyrste gong ho er omtala – i 1273 – er det biskopen i Stavanger som eig kyrkja, og gjev henne vidare til domkapitlet der (D.N. II nr. 15).

Det er særleg tre norske kyrkjer som er trekte fram som trulege »kyrkjer med dobbelkor«. I tillegg til Sola-




Fig. 5. Korsiljemuren (til venstre) og austmuren i koret, begge sett frå koret. I korsiljemuren ser vi den mindre dør-opninga over korbogen, og øvst i korgavlen det sirkelrunde vindauga. Under dette vindauga står eit høgt, smalt vindauga frå Bennetter si tid. Også øvre del av langmurane er påbygd av Bennetter. Den horisontale markeringa omlag midt på oppmålingane er overgangen til tynnare mur i øvre del av gavlurane. Ein kjellar under koret, truleg frå etterreformatorisk tid, er markert. Oppmålingar: Cato Enger. Etter original i Riksantikvarens arkiv.




Fig. 6. Gjenreisinga av bogen mellom skipet og den forsvunne tårnfoten i vest. Etter at vestmuren i skipet var bygd opp i vederlagshøg, forskala vi opp ein lest med den radiusen bogen skulle ha. Bogesteinane vart deretter lagt på plass, og murkjernen mellom dei to sidene i bogen ifyllt. Muren vidare opp rundt bogesteinane vart så avtrappa oppover, med førebels avslutning to skift over toppsteinen i bogen. På biletet ser vi også Leif-Inge Lura og Inge-Livar Lura, som utførte gjenreisingsarbeidet. Foto: A. T. Hommedal, 1984.

kyrkja gjeld det *Dønnes kyrkje* på Helgeland og *Tingvoll kyrkje* på Nordmøre (fig. 1). Begge desse vart bygde av stormenn. Som i Sola finn vi i begge eit sirkelrunt

vindauga øvst i korgavlen, og ein opning over korbogen. Dessutan har begge oppgangar inne i murane til denne overetasjen.

I ruinen på Sola er ingen av bygningstrekkene som har ført fram til teorien bevarte i dag. Vi har altså berre observasjonar og dokumentasjonsmaterialet frå tida før nedrivninga i 1940 å halda oss til. I tillegg kjem dei gjenfunne innfatningssteinane frå dei to opningane. Undersøkinga i 1940 var heller ikkje fullstendig. Øvste del av gavlspissane vart ikkje granska, og ein hogg minst mogleg puss av murane, då det ei tid var blitt

nemnt at ruinen kanskje kunne bli ståande. Ein god del informasjon må altså ha gått tapt ved nedringa.

Det sirkelrunde vindauga i Sola-kyrkja er av kleber, og har vore dobbel traktforma, med lysopning på 32 cm i diameter. Vindauga har ei profilert innramming – eit karnissprofil (cyma recta). Plasseringa av eit slikt sirkelrundt vindauga øvst i korgavlen er etter Lidén (1983:108) »et gjennomgående trekk i kirker med »dobbeltkor«». Det er då verd å merka seg at det i tillegg til Sola-kyrkja berre er to kyrkjer (Dønnes og Tingvoll) han bygger på for eit slikt generelt utsagn. Utforminga i Sola skil seg klart frå begge desse kyrkje- ne, ved at det sirkelrunde vindauga både i Dønnes og Tingvoll har ei stor, innvendig nisje, der det blir rekna med at altaret i kapellet har stått. Denne nisja manglar i Sola, der vindauga har gått heilt inn til innerlivet i muren. Det er også verd å merka seg at Tingvoll-kyrkja har ei tilsvarande vindaugsutforming – eit sirkelrundt vindauga i ei innvendig nisje – i vestgavlen i skipet, der det er vanskeleg å tenkja seg eit altar plassert.

Det verkar også som vi har døme på ei vindaugs- plassering øvst i korgavlen utan at dette har samband med eit kapell over koret. I *Sørbo kyrkje* i Rogaland (fig. 7) finn vi i korgavlen ei utvendig nisje med eit mindre, sirkelrundt vindauga over. Det same gjeld eit enklare spissboga gavlvindauga i *Fana kyrkje* i Hordaland. Det ser altså ikkje ut som at eit vindauga i korgavlen – heller ikkje eit sirkelrundt vindauga – nødvendigvis gjev grunnlag for ei toetasjes utforming av koret.

Døropningen over korbogen i Sola-kyrkja var i 1940 ca. 2,50 m høg og 0,85 m brei (fig. 5). Nedre del var ombygd i nyare tid, men opninga må opphavleg i alle høve ha vore over 2 m høg. Opninga hadde anslag for dør, som har slått inn mot skipet. Vangane i døropninga var av brostein, med sjølvne bogen i kleberstein.

Plasseringa av døropninga kan forklarast på to måtar. Den kan ha bunde saman lofta over kor og skip, eller vore del av eit lektorium framfor korskiljemuren. Både i Dønnes og Tingvoll blir dei tilsvarande opningane sette i samband med eit lektorium, der opninga også har ført inn til kapellet over koret. I begge kyrkje- ne har gangar i murane ført opp til den andre etasjen.

For Sola-kyrkjas vedkomande er ei slik løysing lite sannsynleg. Kyrkja manglar trappeoppgang inne i korskiljemuren, slik vi ville ha venta det ved eit lektorium. Heller ikkje dei andre murane, korkje i koret eller skipet, har hatt slike oppgangar. Desse skulle i så fall kunna sporast i dei bevarte murane, og ville dessutan ha vorte registrerte ved nedringa i 1940. Murane er også i tynnaste laget (85-95 cm) til å ha romma ein slik trappeoppgang. Ved eit lektorium i Sola måtte vi altså tenkja oss ein frittståande trappeoppgang frå skipet opp til lektoriet, eller frå koret opp til etasjen over koret. Ein oppgang frå skipet ville lett ha kome i konflikt med eventuelle sidealtar ved korskiljemuren. Utfrå døropninga måtte dessutan golvet i lektoriet ha lege minst 5,5 m over golvnivå i skipet. Dette verkar usannsynleg høgt, særleg med tanke på ein frittståande trappeoppgang.

Det kan altså verka som Sola-kyrkja har hatt *loft over både kor og skip*. Det er ikkje grunnlag for å hevda at koret var overkvelva, slik Jan Hendrich Lexow (1958:44) gjer. Vi veit at kyrkja den siste tida før nedlegginga i 1842 hadde flatt loft med same høgda både i kor og skip (Halleland 1908:235), og kan ikkje sjå bort frå at dette er den opphavlege utforminga. I eit opphavleg etasjeskilje ville vederlaget for loftsbjelkane venteleg vera lagt til murkronene i langmurane. I koret ville etasjeskiljet då falla saman med ei innvendig hylle ved overgangen til tynnare mur i øvre del av korgavlen (fig. 5). Med eit opphavleg etasjeskilje ville det vera

naturleg å leggja denne overgangen i gavlane akkurat til dette nivået. Det same ser ut til å ha vore tilfelle i korskiljemuren inn mot skipet (Halleland 1908:237), men vederlagshøgda er her senka ved ombygginga i nedre del av dørøpningen over korbogen (Bennetter?).

Inngangen til ein slik loftsetasje over skipet ville venteleg vera frå tårnfoten i vest. I 1940 stod det i vestgavlen i skipet ein rektangulær vindaugsopning, ca. 0,85 m brei og 1,85 m høg. Etter Halleland (1908:235) skal det den siste tida kyrkja var i bruk ha stått eit sirkelrunt vindauga også her. Dette må vera ei misstyding, då fig. 3 klart syner at den rektangulære opningen er frå før Bennetter si tid. Opningen vart i 1940 sett på som av nyare dato, og ikkje tatt vare på. Det er altså uråd for oss å fastslå om den kan ha vore opphavleg. Det er i denne samanhengen likevel verd å merka seg at vi i andre vestnorske steinkyrkjer finn tilsvarande opningar i vestgavlen, der opningane er opphavlege. Det er altså ikkje utenkjeleg at det same kan vera tilfelle i Sola-kyrkja, og at opningen i vestgavlen har ført inn til loftsetasjen over skipet.

Det er vanskeleg å seia kva funksjon ein slik loftsetasje kan ha hatt. Profileringa rundt det sirkelrunde vindauga i korgavlen kunne tyda på at loftet over koret var meint å ha ein spesiell funksjon, men det er ikkje grunnlag for å slutta at dette var eit kapell.

I ein annan artikkel i denne boka diskuterer Håkon Christie tre vestnorske steinkyrkjer med opning øvst i vestgavlen, og tenkjer seg kyrkjelofta i desse tilfella som oppbevaringsstad for leidangsskipas utstyr. Christie tenkjer seg at utstyret er heist inn på kyrkjeloftet gjennom opningen i vest. Det er sjølv sagt uråd for oss å fastslå om kyrkjeloftet i Sola har vore nytta på same måte. Det er likevel grunn til å merka seg at to av kyrkjene Christie trekk fram, Finnøy og Sørbo, begge ligg i Rogaland, og at den sistnemnde har mange like



Fig. 7. Koret i Sørbo kyrkje, sett frå aust. I korgavlen står det ei dobbel nisje med eit lite, sirkelrunt vindauga over. Kyrkja har ingen dørøpning over korbogen, og har truleg hatt open takstol i koret (Bendixen 1909:151). Foto: A. T. Hommedal, 1982.

trekk med Sola-kyrkja (sjå nedafor). Utfrå plasseringa kunne ei slik utnytting av kyrkjeloftet i Sola vera tenkjeleg. Kyrkja låg på ein stormannsgard som tilhørde krona. Her har også vore tilgjenge til sjøen både mot vest (Solastrand), nord (Tananger) og aust (Hafrsfjord). Frå Hafrsfjord, som peikar seg ut som det beste havneområdet, har det vore ca. 1,5 km slakk stigning opp til kyrkja. Det skulle altså vera praktisk mogeleg å nytta kyrkjeloftet som oppbevaringsstad for leidangsutstyret.

5. Dateringa

Sola-kyrkja har tradisjonelt vorte datert til midt på 1100-talet (Lexow 1958:44). På bakgrunn av teorien om den toetasjes utforminga har Lidén (1981:44) derimot antyda ei datering til litt ut på 1200-talet. Dette utfrå ei jamføring med kyrkjene på Dønnes og Tingvoll.

Sola-kyrkja har reint romanske trekk, med få arkitektoniske utsmykkingar. Desse er vanskeleg daterbare. Profileringa rundt det sirkelrunde vindauga kan både vera frå 1100- og 1200-talet. I tillegg til denne profileringa har kyrkja berre hatt enkel skråfas som vederlagsprofil. I nordre vange i korbogen har vederlaget dessutan to små hulkilar over skråfasen. Vi kan altså vanskeleg koma ei datering nærmare gjennom reine stilhistoriske trekk.

Som tidlegare nemnt er Sola-kyrkja svært lik Sørbo kyrkje, som ligg ca. 2,5 mil lenger nord i Rogaland (fig. 1 og 7). Denne kyrkja er mellom anna på stilhistorisk grunnlag datert til ca. 1140 (Lexow 1958:42f). Sola og Sørbo har hatt så og seia heilt like grunnplanar (fig. 8). Skipa er like lange i dei to kyrkjene, men Sola-kyrkja har vore smalare, og hatt eit noko mindre kor. Også muropningane verkar å vera så og seia identisk plasserte og utforma i dei to kyrkjene, alt frå den høge, smale korbogen og like ned til detaljar som repositoria




Fig. 8. Grunnplanane av Sola og Sørbo kyrkjer. Plasseringa av opningane i ytermurane bygger for Sola-kyrkja sin del på skisser frå tida før Bennetters ombygging. Av desse opningane er berre delar av vindauga i nordmuren i skipet bevart. Etter Lexow 1958.



Fig. 9. Sørbo kyrkje. Murverket i innerlivet av nordmuren, skipet. Foto: A. T. Hommedal, 1982.

i koret. Murverket i Sørbo er karakterisert av jamt tiltukta brotstein, lagt i gjennomgåande skiftegang, med lite bruk av pinning (fig. 9). Murverket blir av



Fig. 10. Sola kyrkjeruin. Murverket med repositoriet i innerlivet av nordmuren, koret. Foto: A. T. Hommedal, 1982.

Lidén (1974:38) trekt fram som eit godt døme på det han kallar »romansk murverk« frå 1100-åra. I Sola-kyrkja finn vi murverk av tilnærma same karakter (fig. 10).

Kyrkjene på Sola og Sørbo har altså så og seia identiske grunnplanar, og er svært like i utformning og murkarakter. Tek vi med i vurderinga at kyrkjene ligg i same distrikt, og at begge er lagde til gardar som tilhørde krona, verkar det sannsynleg at kyrkjene er bygde om lag på same tid. Med dateringa Sørbo-kyrkja har, er det då naturleg å rekna med at også Sola-kyrkja går attende til midten eller siste halvta av 1100-talet.

6. Oppsummering

Sjølv om Sola-kyrkja har hatt ein dørøpning over korbogen og eit sirkelrundt vindauga øvst i korgavlen, er det ikkje grunnlag for å slutta at ho har vore ei »kyrkje med dobbelkor«. Det verkar meir sannsynleg at kyrkja har hatt flatt loft over både kor og skip, truleg med inngang frå tårnfoten i vest. Kyrkja skil seg altså i utforming frå kyrkjene på Dønnes og Tingvoll, og er truleg også eldre enn desse to. Ein klar parallell til Sola-kyrkja finn vi i Sørbo kyrkje, som også ligg i Rogaland. Loftsetasjen i Sørbo-kyrkja kan vera meint

som oppbevaringsstad for leidangsskipas utstyr, og vi kan ikkje sjå bort frå at det same har vore tilfelle for Sola-kyrkjas vedkomande.

Litteratur

Forkortingar

D.N. = Diplomatarium Norvegicum.

F.M.F.Å. = Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring, Årbok.

Bendixen, B.E.: Stenkirker fra middelalderen i Ryfylke og paa Jæderen. I: F.M.F.Å. 1908. Kristiania 1909.

Diplomatarium Norvegicum I-XXI. Christiania 1849 – Oslo 1976.

Halleland, E.: Sole gamle kirke, Jæderen. I: F.M.F.Å. 1907. Kristiania 1908.

Helle, K.: Stavanger fra våg til by. Stavanger 1975.

Lamvik, M.: Tingvoll kyrkje 800 år. Tingvoll 1980.

Lexow, J.H.: Middelalderens steinkirker i Rogaland. I: Stavanger Turistforenings Årbok 1957. Stavanger 1958.

Lidén, H.-E.: Middelalderen bygger i stein. Oslo-Bergen-Tromsø 1974.

samme: Middelalderens steinarkitektur i Norge. I: Norges kunsthistorie 2. Oslo 1981.

samme: Norsk middelaldersk steinarkitektur. I: hikuin 9. Høbjerg 1983.

Meyer, J.: Tingvoll fylkeskirke på Nordmøre. I: F.M.F.Å. 1909. Kristiania 1910.

Soga om Sola og Madla I. Stavanger 1980.